



”Vers ved vannvegen” i Sauherad søndag 17.juni 2012

Lokal åpning av det interkommunale litteraturprosjektet

Pilotprosjektet ”Vers ved vannvegen” har som mål å binde kanalkommunane langs Telemarkskanalen saman, samtidig som det skal få fram den enkelte kommunes identitet. Dette skjer via tekst-tavler med vers av lokale diktarar. Tavlene er plassert langs kanalen i kommunane Tokke, Kviteseid, Nome, Skien, Sauherad og Notodden. Åpning og fellesmarkering for alle involverte i prosjektet var på båten Henrik Ibsen 5.juni frå Skotfoss til Skien.

Kvar kommune utfordrast til å lage si lokale åpning og her i Sauherad ynskjer me å markere dette søndag 17.juni på 8 stader ved vannvegane gjennom bygda.

Vår diktar er Liv Holtskog. Kulturetaten i kommunen har i samarbeid med forfattere valt ut 8 dikt som vi synest høver godt i kulturlandskapet og aktivitetar på desse stadene. Kunstnar Knut Nesse er ansvarleg for utforminga av tavlene og har sjølv sett dei opp på alle bryggene i samråd med kommunen.

Vi har utfordra velforeningar og medlemmer i Sauherad kulturnettverk til saman å skape den lokale markeringa og mange positive bygdefolk ønskjer velkomen til kreative arrangement denne dagen. Alle stadene er det mogleg å køyre ned til med bil eller kome vannvegen med båt med unntak av Hørtefossen der ein kanskje kan «klatre»

Velkomen til brygger og vakre stader ved vannvegane i Sauherad, til møter mellom folk og nye opplevingar gjennom vers ute i naturen. Diktar Liv Holtskog vil kome innom alle stadene i den tida vi har markert for kvart arrangement.

Dagen avsluttast på Gvarv med Sommarkonsert på Nes Menighetshus.

«Vers ved vannvegen» i Sauherad søndag 17.juni.

kl.11.30 – 13.00 Hjuksevelta

Hjuksebø Vel inviterar til nyopprusta samlingsplass ved vatnet med aktivitetar for heile familien.

kl.12.30 – 14.00 Kullhuset

Nordagutu Vel ønsker velkomen med varme på grillen. Ta gjerne med nistekorg og noko å sitte på. Arne Petter Akseth og Ole Thor Ripegutu vil fortelje om Kolahuset. Liten natursti i nærområdet. Dei som vil kan kaste kil. Overraskelser på programmet.

kl.13.30 – 15.00 Akkerhaugen

Akkerhaugen Vel ønsker velkommen til Bryggebua ved båthavna.

kl.14.30 – 16.00 Nesodden

Galleri Nyhuus ønsker velkomen til Odden brygge med smak av frukt og frodige vers.

kl.15.00 – 17.00 Årnes

Velkomen til åpent komponistverksted hos Henrik Ødegaard. Kafe og kaker, musikk og prat.

kl 16:00: Allsang av Sauheradsangen akkompagnert av Årnes kammerorkester, som debuterer denne dagen. Utdeling av «Drømmestipendet» 2012 til Ingvild Skjeldal Waage frå Gvarv.

Ho er ein av fire unge lovande talentar frå Telemark som får stipend på kr.10.000 frå Norsk kulturskoleråd og Norsk Tipping.

kl.16.30 – 18.00 Tangen, Evju Bygdetun

Nes Nasjonale Dansarring med Klunkelaget ønsker velkomen til musikk og dans på vollen, der også folk gjerne må ta seg ein svingom. Bålcaffi og heimebaka kaker.

kl.17.30 – 19.00 Hørtefossen

Hørte Dampfarveris venner og Kjell Hellstrøms Atelier ønsker velkomen til kaffiprat og kunst.

kl.18.30 – Gvarv brygge

Gvarv Vel ønsker velkomen med eplemost på den tidlegare dampskipsbrygga og starten av «Kjærlighetsstien» langs elva. Tore Anstensen spelar trekkspel og Nes Bygdekvinneag serverar varme vaffelhjerter før tonar frå den store operaverden rett ved.

kl.19.30 Sommerkonsert på Nes Menighetshus med Sauherad og Nes kantori.

Nå også som operakor med solistar under ledelse av Jacob Zethner.